

SAK TIL ÅRSMØTE I ØIL 19.MARS.

Fotballgruppa har dei siste åra hatt stor vekst i antall aktive spelarar. Vi har spesielt fått mange fleire jentespelarar i klubben. For 3 år sidan hadde vi 38 lag påmeldt i kretsen, dei 2 siste åra har vi hatt over 50 lag påmeldt. Dette er sjølvsagt gledeleg, men det fører også med seg utfordringar når det gjeld nok anlegg (speleflate). Vi har i dag alt for lite speleflate til å ivareta behovet på ein tilfredstillande måte.

Vi har i dag ei kustgrasbane (11-ar) og Kiwihallen (7-ar) disponibel heile sesongen. I tillegg har vi begrensa tilbod på stadion (11-er) og eit opparbeidd kunstgrasfelt på Velle skule. I kampsesongen er både kunstgrasbana(Aurstad Arena) og Kiwihallen opptatt med kamp mellom kl. 18-20, alle kvardagar.

Det er eit skrikande behov for meir speleflate og fotballgruppa ser 2 alternativ for å løyse dette.

1. Det leggest kunstgrasdekke på Ørsta stadion.

-Ein finn alternativ for kastøvelser for friidrett.

-Det blir utarbeida ein bruksplan m/ulike tiltak som ivaretek både fotball og friidrett sine behov, det blir betre tilrettelagt for sambruk som tilfredstilller begge gruppene. Eks. fysisk barriere mellom aktivitetsflatene.

(-For å auke antall brukstimar også i vinterhalvåret bør det sjekkast ut om moglegheiter for å legge varme i nytt dekke. Vi tenkjer at dette skal føre til at alle lag i kommuna skal kunne nytte seg av dette vinterstida.)

- Knytte bane opp mot den nye fleirbrukshallen og dei fasilitetane som alt eksistere. (garderobe, flomlys, tribune, kiosk etc). Dette vil bli eit fantastisk anlegg som eks. Nye Høddvoll.

- Ørsta stadion gras må uansett gjennom ei omfattande rehabilitering då dreneringa i bana er særst dårleg. I praksis betyr dette at graset må fjernast, det må skiftast ut drenering og drenerande masse må tilførast. Ei rehabilitering vil i stor grad ha same behovet for grunnarbeid som ein vil ha for å kunne legge kunstras.

2. Det blir bygd ei ny kunstgrasbane på andre sida av elva, parallelt med eksisterande kunstgrasbane.

- Kostnadsmessig vil alternativet med kunstgras på stadion bli vesentleg rimligare enn ny bane over elva. Sjå vedlagt kostnasoverslag.(jobba med å ha dette klart til mandag)

Signal frå Ørsta kommune vedr. klargjering av område over elva viser at dei ser for seg å heve arealet med 1 m-flaumsikring. Det er pr. dato uavklart kven som tek kostnadane på det. Signal frå kommuna tyder på at dei ser for at dette kan gjerast i forbindelse med Volda-tunnell prosjektet. Dette prosjektet er planlagt i 2024.

-Behov for garderobefaselitetar, flomlys, tilkomst, tribune etc.

Konklusjon.

Tidsperpektiv.

Om ein går for kunstgras på stadion kan prosjektet realiserast i løpet av kort tid. Når det gjeld alternativet over elva er tidsperspektivet mykje meir usikkert.

Pr.i dag står fotballgruppa for all vedlikehald knytta mot grasbana. Dei siste åra ser vi at antall vedlikehalstimar er i praksis minst like mange som antall brukstimar.

Fotballgruppa ser ikkje at dagens ordning på stadion er tilfredstillande for behovet vårt.

Alternativ i ei ovegangsperiode:

(-leigtakar av stadion gras)

(-leige bane ekstern med naboklubbar.)

Forslag til vedtak:

Årsmøte gjev fotballgruppa løyve til og opparbeide kunstgras på Ørsta stadion.

Fotballgruppa tilrettelegg for tiltak som gjev moglegheiter for sambruk mellom brukargruppene.

Post	Spillemiddelberettigede kostnader	Mengde	Enhet	Pris	Sum	Mva	Total	Meirkostnad
								Alt.2 m/ mva
	GRUNNARBEIDER - BANE							
	Avtak og bortkjøring av torv og vekstjord t=25cm	7960	M2	25	199000			
	Graving, opplasting og bortkjøring av løsmasser	200	M3	90	18000			
	Samledren rundt hele banen Aco	360		500	180000			
	Overvannskommer betong Ø650	6	STK	15000	90000			
	Overvannsledning komplett	360		600	216000			
	Fiberduk kl. 2 på traubunn	7960	M2	15	119400			
	Planering og avretting av traubunn	7960		15	119400			
	Isolasjon løs leca t=25cm	7960	M2					
	Fiberduk kl. 2 over løs leca	7960	M2	15	119400			
	Bærelag fraksjon 4-63mm som forkiles t=20cm	7960	M2	65	517400			
	Finavretting 2-3cm fraksjon 0-8mm	7960	M2	25	199000			
	Ballnett på begge kortsider H=6,0m	80	Lm	2000	16000			495000
	Legging av asfalt, bredde 5m inkl. sikkerheitsone (2m)	1800	M2	220	396000			22500
	Reinskjæring av asfaltkant	360	LM	50	18000			249375
	Mur, skille mellom anlegg og omgivelsar (miljøtiltak)	350		570	199500			189000
	Fletverksgjerde H=1,0m, rundt banen	360	LM	420	151200			20000
	Kjøreport bredde 4,0m	1	Stk	16000	16000			1875000
	Flaumsikring av total areal 1m	15000	M2	100	1500000			
1	SUM Grunnarbeid				4074300	1018575	5092875	2850875
	LYSANLEGG							
	Grøft for strømtilførsel	100	LM	350	35000			43750
	Kabelgrøfter inkl.trekkerør mellom lysmaster	220	LM	400	88000			110000
	Fundamenter for lysmaster	6	Stk	35000	210000			262500
	Komplett lysanlegg 200 lux, inkl trafo 400 V	1		650000	650000			812500
2	SUM Lysanlegg				983000	245750	1228750	1228750
	KUNSTGRESS							
	Levering og legging av kunstgress	7208	M2		18000000			
	Legging av Pad	7208	M2		300000			
3	SUM Kunstgress				2100000	525000	2625000	
4	Uforutsett ca 5%	1			357865			
5	Rigg og drift av byggeplass ca 6%	1			429438			
6	Adm og byggeledelse ca 4 %	1			286292			
7	SUM KUNSTGRESSBANE MED LYSANLEGG				8230895	411545	10288618	4079625